



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets Presidentskap
Ekspedisjonskontoret
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

25/13-

2. januar 2025

Spørsmål nr 687 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål

Kan samferdselsministeren leggje fram den reelle utviklinga innan riksvegferjene gjeldande staten sin kompensasjon for kostnader, målt pr år i tidsrommet 2021, 2022, 2023, 2024 og for budsjett 2025. og samla sett for perioden?

Svar

Statens vegvesen har ansvar for drift av ferjene på riksvegnettet. Tilskot til riksvegferjedrifta blir gitt over statsbudsjettet. Frå og med 2022 blir bruttobudsjettering nytta for riksvegferjedrifta. Dette inneber at utgifter og inntekter blir budsjetterte kvar for seg. Utgiftene til staten blir budsjetterte over budsjettet til Samferdselsdepartementet på kap. 1320, post 72, medan trafikkinntekter, der staten har inntektsrisikoen, blir budsjetterte på kap. 4320, post 04.


I tabellen under er utgifter og inntekter for staten lagt inn for åra 2021–2025. Tal for åra 2021–2023 er henta frå statsrekneskapan. Året 2024 er løyvd ramme og inntekt, medan 2025 er i samsvar med Prop. 1 S (2024–2025) for Samferdselsdepartementet. Beløp er i mill. kr.

År	Kap. 1320, post 72	Kap. 4320, post 04	Nettokostnad
2021	1 598,1	0,0	1 598,1
2022	2 764,4	803,4	1 961,0
2023	3 042,5	706,0	2 336,5
2024	3 359,8	688,2	2 671,6
2025	3 284,1	735,0	2 549,1

Nettokostnadane i tabellen over er utgifter over kap. 1320, post 72 trekt frå inntekter over kap. 4320 post 04. Frå 2021 til 2025 er det forventa at denne kostnaden aukar med 951 mill. kr, eller om lag 60 pst.

Generell prisauke, innføring av nullutsleppsteknologi på fem samband, årlege svingingar i tilskotsnivå i inngåtte kontraktar, samt mindre tilbodsendingar har også bidrege til kostnadsveksten.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Jon-Ivar Nygård". The signature is written in a cursive, somewhat stylized script.

Jon-Ivar Nygård